

Protokoll fra årsmøte i Sandnes Idrettslag 2020

Årsmøtet ble avholdt i Raddlestovå, Sandnes Stadion, 8. juni 2020. Planlagt årsmøte den 18. mars ble utsatt pga Covid-19.

Sak 1 Åpning ved Hovedstyrets leder

Styreleiar Kenny Rettore ønske velkomen.

Sak 2 Godkjenne de stemmeberettigede

Styret gjorde greide for kor mange røysteføre som var til stades på årsmøtet.

Vedtak: Talet på røysteføre vart sett til 13.

Sak 3 Godkjenne innkallingen, saklisten og forretningsorden

Styret gjorde framlegg om godkjenning av innkallingen, saklisten og forretningsorden

Vedtak: Årsmøtet godkjende innkallinga, saklista og forretningsordenen.

Saksliste:

1. Åpning ved Hovedstyrets leder
2. Godkjenne de stemmeberettigete.
3. Godkjenne innkallingen, saklisten og forretningsorden.
4. Velge dirigent, referent, samt to medlemmer til å underskrive protokollen.
5. Behandle idrettslagets årsberetning, herunder gruppeårsmeldinger.
6. Behandle idrettslagets regnskap i revidert stand.
7. Behandle forslag til nytt medlem i Friidrettsgruppas NM-fond og evt andre saker.
8. Vedta nye lovnorma representerer det minimum alle idrettslag må ha i vedtektene sine. Det må gjerast vedtak om dette på årsmøtet.
9. Fastsette medlemskontingent for 2021 og gi gruppestyrene fullmakt til å fastsette treningsavgift for gruppenes aktiviteter.
10. Vedta idrettslagets budsjett.
11. Foreta følgende valg:
Leder
Sekretær, styremedlem og varamedlemmer
Valgkomité (gruppelederne)
Ansvarlig for medlemsregister, politiattester og barneansvarlig

Sak 4 Velge dirigent, referent, samt to medlemmer til å underskrive protokollen.

Styret gjorde framlegg om Kenny Rettore som dirigent og Ketil Volden som referent. Styret gjorde også framlegg om at Geir Eikeskog og Kenny Rettore signerer protokollen

Vedtak: Årsmøtet valde Kenny Rettore som dirigent og Ketil Volden som referent, og Kenny Rettore og Geir Eikeskog vart valde til å skriva under på protokollen

Sak 5 Behandle idrettslagets årsberetning, herunder gruppeårsmeldinger.

Styret la fram Sandnes Idrettslag sin årsrapport for godkjenning av årsmøtet.

Det vart peika på ein feil i årsrapporten. Det var berre éin friidrettsskule i 2019, ikkje to som det står i rapporten, men talet på deltakarar er rett.

Vedtak: Årsmøtet godkjende årsrapporten, og styreleiar rettar opp den eine feilen.

Sak 6 Behandle idrettslagets regnskap i revidert stand.

Styret la fram Sandnes Idrettslaget sin reviderte rekneskap for godkjenning av årsmøtet.

Vedtak: Årsmøtet godkjende den reviderte rekneskapen frå Credo Revisjon AS.

Sak 7 Behandle forslag til nytt medlem i Friidrettsgruppa NM-fond og evt andre saker.

Arne Lyngholm orienterte om at årsmøtet i friidrettsgruppa ynskjer at styreleiaren i friidrettsgruppa alltid er representert i NM-fondet. Vedkomande må då erstatta ein av dei tre noverande medlemmane. Forslaget var å erstatta Arne Oftedal med styreleiaren i friidrettsgruppa. For at denne ordninga skal trå i kraft, må saka opp på to årsmøte i hovudlaget.

Vedtak: Årsmøtet tok saka til orientering sidan det ikkje kan gjerast vedtak om endringar i statuttane til NM-fondet før tidlegast på årsmøtet neste år.

Sak 8 Vedta nye lovnorma representerer det minimum alle idrettslag må ha i vedtektene sine. Det må gjerast vedtak om dette på årsmøtet.

Styret gjorde framlegg om tre endringar i lovnorma:

1. Tekst som gjeld skiping av eit kontrollutval med 2 medlemar og 1 varamedlem. Dette utvalet skal sjekka økonomien til laget, gå gjennom hovudstyret sine protokollar og sjå på forvaltning og drift av laget.
2. Tekst om æresmedlemar
3. Tekst om at gruppeleiarane er valkomité til årsmøtet i hovudlaget.

Vedtak: Årsmøtet godkjente framlegget om dei tre endringane. Årsmøtet gir hovudstyret fullmakt til å utarbeida ein enkel organisasjonsplan og mandat til å identifisera personar som er habile til å sitja i eit slikt kontrollutval. Styret har i oppgåve å etablera eit utval i inneverande periode.

Sak 9 Fastsette medlemskontingent for 2021 og gi gruppestyrene fullmakt til å fastsette treningsavgift for gruppenes aktiviteter.

Styret gjorde framlegg om at medlemskontingenten ikkje skal endrast f.o.m. 2021 og at gruppene framleis skal ha fullmakt til å fastsetja treningsavgift for den enkelte gruppa.

Vedtak: Årsmøtet vedtok at medlemskontingenten ikkje vert endra.

Kr. 250,- passive

Kr. 500,- aktive

Kr. 1.000,- familiar

Årsmøtet vedtok også at gruppene bestemmer treningsavgift for den enkelte gruppa slik praksisen er i dag.

Sak 10 Vedta idrettslagets budsjett

Styret presenterte budsjett for hovudlaget for 2020.

Vedtak: Årsmøtet godkjente styret sitt framlegg til budsjett

Sak 11 Valg

10.1 Valg av styreleder:

Valkomiteen gjorde framlegg om at Kenny Rettore held fram som styreleiar i 1 år.

Vedtak: Årsmøtet valde Kenny Rettore som styreleiar i 1 år.

10.2 Valg av sekretær:

Valkomiteén gjorde framlegg om at Ketil Volden held fram som nestleiar i 2 år

Vedtak: Årsmøtet valde Ketil Volden som nestleiar for 2 år.

10.3 Valg av øvrige styremedlemmer:

Valkomiteén gjorde framlegg om at Christine Eikeberg held fram som styremedlem i 2 år

Vedtak: Årsmøtet valde Christine Eikeberg som styremedlem i 2 år.

10.4 Valg av varamedlemmer:

Valkomiteén gjorde framlegg om at andre varamedlem Sveinung Svebestad vert vald til fyrste varamedlem i 2 år og at Åsa Christiansen vert andre vara i 2 år.

10.5 Valg av medlemmer i valgkomiteen

Styret gjorde framlegg om at dei 4 gruppeleiarane held fram som medlemmar i valkomiteen.

Vedtak: Dei 4 gruppeleiderne vart valde som medlemmar av valkomiteén.

10.6 Val av ansvarlig for medlemsregister, politiattester og barneansvarlig


Styret gjorde framlegg om at Sølvi Rabben held fram som ansvarleg for medlemsregister, Geir Eikeskog som ansvarleg for politiattestar og Kenny Rettore som barneansvarleg.

Vedtak: Årsmøtet godkjente at Sølvi Rabben held fram som ansvarleg for medlemsregister, Geir Eikeskog som ansvarleg for politiattestar og Kenny Rettore som barneansvarleg.

Hovudstyret i 2020

Funksjon	Namn	
Leiar	Kenny Rettore	Attvald, 1 år
Nestleiar	Helge Hamre	Ikkje på val
Kasserar	Joar Bergland	Ikkje på val
Sekretær	Ketil Volden	Attvald, 2 år
Styremedlem	Christine Eikeberg	Attvald, 2 år
1. Vara	Sveinung Svebestad	Attvald, 2 år
2. Vara	Åsa Christiansen	Ny, 2 år

Sandnes 21. juni 2020



Kenny Rettore



Geir Eikeskog